



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Rogaland fylkeskommune

## Opplæringsavdelinga

NYNORSK

## Fylkeskommunale retningslinjer for vurdering 2011

## FORORD

Formålet med dei fylkeskommunale retningslinjene om vurdering er todelt:

For det første skal dei tena som rettleiing for lærarane i vurderingsarbeidet, og dei skal bidra til at elevar og føresette veit kva for rettar og plikter elevar har når det gjeld vurdering.

For det andre skal retningslinjene bidra til at det blir ei mest mogleg rettferdig og likeverdig vurdering av elevar ved alle dei fylkeskommunale vidaregåande skolane i Rogaland.

Vi håper retningslinjene vil tena formålet sitt og verka avklarande både for elevar og lærarar.

Presentasjonen er bygd opp slik at det først blir vist til lovtekst og forskrift med sitat i ei ramme. Så følgjer fylkeskommunens presiseringar og utdjupingar.

Stavanger, mai 2011.

Magne Nesvik  
fylkesdirektør for opplæring

Joar Loland  
seksjonssjef for opplæring i skole

## Innhold

1. Ny forskrift.....	4
2. Rett til vurdering.....	4
3. Formålet med vurdering.....	5
4. Grunnlaget for vurdering i fag...	5
5. Karakterar i fag.....	6
6. Undervegsvurdering.....	7
7. Dialog om anna utvikling.....	8
8. Sluttvurdering.....	9
9. Elevar med IOP og vurdering...	10
10. Vurdering i orden og i åtferd.....	11
11. Varsling.....	13
12. Eksamen.....	13
13. Klage på vurdering.....	15

## 1. Ny forskrift til opplæringslova hausten 2009

Dei fylkeskommunale retningslinjene er laga innafor rammene av nasjonale føresegn i opplæringslova og i forskrift til denne lova. Rogaland fylkeskommune har som skoleeigar eit sjølvstendig ansvar for å presisera korleis desse nasjonale reglane skal praktiserast i fylket vårt.

Retningslinjene er oppdaterte i tråd med kapittel 3 om individuell vurdering i den nye forskrifta som blei gjort gjeldande frå 1. august 2009, og dei endringane som tok til å gjelda 1. august 2010.

Rundskriv Udir – 1 – 2010, som gir fortolkingar og nærmare utdjuvingar av dei enkelte paragrafane i det nye kapittel 3, er brukt som grunnlag for dei utfyllande retningslinjene til fylket. Udir skriv at hensikta med rundskrivet er at det skal vera eit oppslagsverk for tolking av føresegnene i forskrifta.

## 2. Rett til vurdering.

Elevar i vidaregåande skole har rett til vurdering i skolearbeidet sitt. Det står både i opplæringslova og i forskrifta:

### Opplæringslova

#### *§ 3-4. Innhald og vurdering i den vidaregåande opplæringa*

*Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar, lærlingar, lære kandidat, ... om klage på vurderinga, om eksamen, om fag- og sveineprøve og om dokumentasjon. ...*

*Elevane, lærlingane og lære kandidatane skal vere aktivt med i opplæringa.*

*Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her. ...*

### Forskrift til opplæringslova

#### *§ 3-1. Rett til vurdering*

*.... elevar, lærlingar og lære kandidat i offentleg vidaregåande opplæring har rett til vurdering etter reglane i dette kapitlet. Retten til vurdering inneber både ein rett til undervegs vurdering og sluttvurdering og ein rett til dokumentasjon av opplæringa.*

*Det skal vere kjent for eleven, lærlingen og lære kandidaten kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hennar eller hans kompetanse.*

*Det skal og vere kjent for eleven kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og åtfærd.*

### 3. Formålet med vurdering

#### Forskrift til opplæringslova

##### § 3-2. Formålet med vurdering

*Formålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykkje kompetansen til eleven, lærlingen og lære kandidaten undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget. Vurderinga skal gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane, lærlingane og lære kandidatane.*

*Undervegs vurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen og lære kandidaten aukar kompetansen sin i fag.*

*Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lære kandidaten ved avslutninga av opplæringa i faget.*

*Formålet med vurdering i orden og i åtfærd er å bidra i sosialiseringssprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og åtfærd.*

*Undervegs vurdering og sluttvurdering skal sjåast i samanheng for å betre opplæringa. Kunnskap om elevens, lærlingens og lære kandidatens utvikling i fag, orden og åtfærd gjennom undervegs vurdering gir læraren grunnlag for å fastsetje standpunkt karakter i fag, orden og åtfærd.*

### 4. Grunnlaget for vurdering i fag

#### Forskrift til opplæringslova

##### § 3-3 Grunnlaget for vurdering i fag

*Grunnlaget for vurdering i fag er dei samla kompetansemåla i læreplanane for fag...*

*I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadene til den enkelte, fråvæ, eller forhold knytte til ordenen og åtfærd til eleven, lærlingen eller lære kandidaten trekkjast inn....*

*Læraren og instruktøren skal så langt råd er, skaffe tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere kompetansen til eleven, lærlingen og lære kandidaten, slik at retten eleven, lærlingen og lære kandidaten har etter § 3-1, blir oppfylt. Det gjeld òg dersom stort fråvæ eller andre særlege grunnar gjer vurdering vanskeleg. Eleven, lærlingen eller lære kandidaten skal møte til og delta aktivt i opplæringa slik at læraren eller instruktøren får grunnlag for å vurdere eleven, lærlingen eller lære kandidaten sin kompetanse i faget.*

*Stort fråvæ, manglande deltaking i planlagde vurderingssituasjonar eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunkt karakter manglar.*

**Utfyllande retningslinjer:**

Ved sluttvurderinga/standpunktvurderinga skal kompetansen til eleven vurderast i forhold til alle kompetansemåla i læreplanen for faget. Ein må sjå kompetansemåla i samanheng. Det er ikkje i tråd med forskrifta å fastsetja ein standpunktkarakter på grunnlag av et utval av kompetansemåla.

Paragrafen understrekar at både lærar og elev har ansvar for at det er grunnlag for vurdering.

Læraren skal leggja forholda til rette slik at det blir mogleg for eleven å delta aktivt i opplæringa. Vurderinga i fag skal uttrykkja den faglege kompetansen, og andre forhold skal ikkje trekkjast inn som grunnlag for vurderinga. Fråvær kan ikkje bli vurdert i seg sjølv. Dersom ein elev har høgt fråvær, kan det føra til at læraren ikkje har grunnlag for å vurdere eleven. Når det er fare for manglande vurderingsgrunnlag, må læraren prøva å skaffa seg eit grunnlag for vurdering. Det gjeld særleg for elevar som har langvarig sjukdom.

Men ansvaret for å skaffa vurderingsgrunnlag ligg ikkje bare hos læraren. Forskrifta pålegg eleven ei aktivitetsplikt for at han skal få vurdering. Eleven har plikt til å møta til og delta *aktivt* i opplæringa og dermed bidra til at læraren har grunnlag for vurdering. Aktiv deltaking og medverknad i opplæringa er ein nødvendig føresetnad for vurdering.

I mange fag er det i Rogaland fylkeskommune laga konkretiseringar av læreplanmåla med vurderingskriterium, som felles rammer for skolane for vidare lokalt læreplanarbeid.

## 5. Karakterar i fag

### **Forskrift til opplæringslova**

*§ 3-4. Karakterar i fag m.v.*

*Frå 8. årstrinn og i vidaregåande opplæring skal vurdering også givast med talkarakterar. Det skal brukast talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Berre heile talkarakterar skal brukast.*

**Utfyllande retningslinjer:**

Regelen om at det bare skal brukast heile karakterar, gjeld for karakterar til halvårsvurdering og/eller standpunktvurdering.

## 6. Undervegsvurdering

### Forskrift til opplæringslova

#### § 3-11 Undervegsvurdering

*Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen og lærekandidaten aukar kompetansen sin i fag, jf. § 3-2. Undervegsvurderinga skal gis løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg.*

*Undervegsvurderinga skal innehalde grunnleggjande informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lærekandidaten og skal givast som meldingar med sikte på fagleg utvikling.*

*Eleven, lærlingen og lærekandidaten har minst ein gong kvart halvår rett til ein samtale med kontaktlæraren eller instruktøren om sin utvikling i forhold til kompetansemåla i faga. Samtalen kan gjennomførast i samband med halvårsvurderinga utan karakter, jf. § 3-13 ....*

*Læraren skal vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 og § 5-4. ...*

#### § 3-12 Eigenvurdering

*Eigenvurderinga til eleven, lærlingen og lærekandidaten er ein del av undervegsvurderinga. Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling ....*

#### § 3-13 Halvårsvurdering i fag for elevar

*Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal syne kompetansen til eleven i forhold til kompetansemåla i læreplanverket. Ho skal også gi rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.*

*Det skal bli gitt halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa.*

*Frå 8. årstrinnet skal eleven ha halvårsvurdering utan karakter og halvårsvurdering med karakter. Halvårsvurderinga med karakter skal gi uttrykk for den kompetansen eleven har nådd ut frå det som er forventa på tidspunktet for vurderinga.*

*I vidaregåande opplæring skal halvårsvurdering gjennomførast midt i opplæringsperioden på kvart årstrinn. I fellesfag ... skal elevane også ha halvårsvurdering med karakter på slutten av opplæringsåret dersom faget ikkje blir avslutta, jf. læreplanverket.*

#### § 3-16 Kravet til dokumentering av undervegsvurderinga

*Frå 8. årstrinnet skal alle elevar kvart halvår få halvårsvurdering med karakter i fag og i orden og i åtferd dokumentert skriftleg. Fråvær skal også dokumenterast kvart halvår.*

*Det skal kunne dokumenterast at undervegsvurdering er gitt, jf. § 3-11 til § 3-15.*

**Utfyllande retningslinjer:**

Hovudmålet for all undervegsvurdering er å fremja læring. Faglæraren skal gi eleven grunnleggjande informasjon om kompetansen hans og rettleiing om korleis han kan auka kompetansen i faget.

Det at vurderinga skal gis "løpande og systematisk" inneber at den må "være en kontinuerleg del av opplæringa og prege måten opplæringa gjennomføres på." (Udir – 1 – 2010, side 24). Undervegsvurderinga må vera ein integrert del av undervisninga/opplæringa i faget. Den skal gå føre seg i samtalar, i munnlege tilbakemeldingar til eleven, og på grunnlag av prøvar, innleveringar eller andre avtalte arbeidsoppgåver. Undervegsvurderinga gir læraren den informasjonen som er nødvendig for å tilpassa opplæringa best mogleg til den enkelte eleven.

Minst ein gong pr. halvår har eleven rett til ein fagleg samtale med kontaktlæraren. Før samtalen må kontaktlæraren få informasjon frå faglærarane slik at han har ei samla oversikt over eleven sin kompetanse og utvikling i dei ulike faga. Denne oversikta utgjer grunnlaget for rettleiinga til eleven. Det er kontaktlæraren som har ansvaret for fagsamtalen, men dersom skolen finn det formålstenleg, kan rektor delegera gjennomføringa til ein eller fleire faglærarar.

Eleven skal ikkje bare få tilbakemeldingar frå læraren, han skal også sjølv delta i vurderinga. Eigenvurderinga til eleven er ein del av undervegsvurderinga, og hensikta er å auka eleven sine prestasjonar i faget ved at han får eit meir bevisst forhold til si eiga læring. Eigenvurderinga har ikkje noko å seia for sluttvurderinga som skal gjerast av faglærar.

Undervegsvurderinga skal munna ut i ei halvårsvurdering. I fellesfag som går over fleire år, skal det vera halvårsvurdering, ikkje standpunktvurdering, ved slutten av skoleåret fram til det året faget blir endeleg avslutta. Dette gjeld kroppsøving, norsk, framandspråk og historie i studieførebuande utdanningsprogram, og kroppsøving, norsk og engelsk på yrkesfag. Bare karakterar som skal førast på vitnemålet, er standpunkt-karakterar.

Det er krav om at halvårsvurderinga med karakter skal dokumenterast skriftleg. Halvårsvurdering med karakter skal førast inn i SkoleArena. Halvårsvurdering utan karakter blir gitt i faglege kommentarar, meldingar og skriftleg og/eller munnleg rettleiing.

## 7. Dialog om anna utvikling

### **Forskrift til opplæringslova**

#### *§ 3-8 Dialog om anna utvikling*

*Eleven, lærlingen og lære-kandidaten har rett til jamleg dialog med kontaktlæraren eller instruktøren om sin utvikling i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket.*

**Utfyllande retningslinjer:**

Samtale om anna utvikling skal ikkje vera ein del av vurderinga i fag eller i orden eller i åtferd. Samtalen skal knytast til dei overordna måla med opplæringa og til den generelle delen av læreplanverket.

Eleven kan få oppfylt retten til ein slik "elevsamtale" ved å møta til kontaktlærartimar og delta i dei samtalane med kontaktlærer som skolen legg til rette for. Tid til dette skal ikkje gå på kostnad av tida til opplæring i fag.

## 8. Sluttvurdering

**Forskrift til opplæringslova***§ 3-17 Sluttvurdering i fag*

*Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lære kandidaten ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket, jf. § 3-3.*

*Sluttvurderingar i vidaregåande opplæring er standpunktkarakterar, eksamenskarakterar og karakterar til fag-/sveineprøve og kompetanseprøve.*

*Sluttvurderingar er enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i kapittel 5.*

*§ 3-18 Standpunktkarakterar i fag*

*Standpunktkarakterar er karakterar som blir gitt ved avslutninga av opplæringa i fag, jf. læreplanverket, og som skal førast på vitnemålet.*

*Standpunktkarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser kompetansen eleven har i faget, jf. § 3-3. Eleven skal ha høve til å forbetre kompetansen sin i faget inntil standpunktkarakteren er fastsett. Eleven skal bli gjort kjend med kva det er lagt vekt på i fastsetjinga av hennar eller hans standpunktkarakter.*

*... Rektor har ansvaret for at faglærer set standpunktkarakter. Dersom rektor er i tvil om reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er følgde, kan rektor krevje ei ny fagleg vurdering før karakterane blir fastsette og førte.*

**Utfyllande retningslinjer:**

Faglæraren må gjera eleven kjend med kompetansemåla i faget og kva det blir lagt vekt på ved fastsetjing av standpunktkarakteren, sjå også § 3-1.

Mens undervegsvurderinga skal fungera som ein del av sjølve opplæringa, skal sluttvurderinga dokumentera kor høg kompetanse eleven har oppnådd, men dei to formene for vurdering må sjåast i samanheng. Gjennom undervegsvurderinga får læraren oversikt over kompetanseutviklinga til eleven, og dermed kan standpunktkarakteren ved avslutninga av opplæringa setjast på eit breitt grunnlag, jf. § 3-2. Standpunktkarakteren skal likevel ikkje vera eit matematisk gjennomsnitt av tidlegare karakterar i faget.

Det skal vera mogleg for eleven å forbetra kompetansen sin fram til standpunktkarakteren blir sett. Skolen legg til rette slik at eleven får oppfylt retten sin innan ei praktisk gjennomførleg ramme.

Etter den nye forskrifta skal det setjast standpunktkarakter bare for det høgaste nivået i fag. For gjennomgåande fag skal det bli gitt halvårsvurdering etter Vg1 og Vg2, sjå side 8.

Dersom ein elev står i fare for ikkje å få karakter (til halvårs- og/eller standpunktvurderinga), skal det varslast skriftleg, sjå punkt 11 om varsling.

## 9. Elevar med individuell opplæringsplan (IOP) og vurdering

Elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, har rett til spesialundervisning.

### Opplæringslova

*§ 5-5 Unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa  
Reglane om innhaldet i opplæringa i denne lova og i forskrifter etter denne lova gjeld for spesialundervisning så langt dei passar. For elev som får spesialundervisning, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan. Planen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast.  
... Skolen skal kvart halvår utarbeide skriftleg oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven. ...*

### Utfyllande retningslinjer:

Elevar som er tatt inn i særinntaket til vidaregåande opplæring, har sakkunnig vurdering som konkluderer med rett til spesialundervisning. Det er fatta eit enkeltvedtak kor det går fram at eleven følgjer ein individuell opplæringsplan, IOP, i eitt eller fleire fag. For elevar med IOP kan ein gjera unntak frå læreplanane for fag slik at eleven har ein individuelt tilpassa læreplan med færre mål- og kompetansekrav. Elevane skal ha undervegsvurdering og rettleiing i forhold til innhaldet i den individuelle læreplanen.

### Forskrift til opplæringslova

*§ 3-17 Sluttvurdering i fag  
... Dersom sluttvurdering ikkje er mogleg for ein elev i vidaregåande opplæring, skal eleven ha dokumentasjon ført i samsvar med § 3-45 og § 3-46.*

*§ 3-18 Standpunktkarakterar i fag  
... I dei tilfella der det ikkje er grunnlag for å setje standpunktkarakter, har rektor ansvaret for at det blir fatta enkeltvedtak om at standpunktkarakter ikkje skal bli gitt. For at det skal kunne gjerast enkeltvedtak om å ikkje gi karakter, skal eleven vere varsla, jf. § 3-7.*

*§ 3-20 Fritak frå vurdering med karakter for elevar med individuell opplæringsplan ... Elevar i vidaregåande opplæring kan ikkje få fritak frå vurdering med karakter sjølv om dei har individuell opplæringsplan i eit fag.*

**§ 3-45 Kompetansebevis**

*Kompetansebevis blir skrivne ut som dokumentasjon for vidaregåande opplæring i dei tilfella der vilkåra for å få vitnemål eller fag- og sveinebrev ikkje er oppfylte.*

**§ 3-46 Føring av karakterar i fag på vitnemål og kompetansebevis**

*... For elevar i vidaregåande opplæring med individuell opplæringsplan som ikkje gir grunnlag for å fastsetje standpunktkarakter, ..., skal kompetansen til eleven dokumenterast på kompetansebeviset.*

**Utfyllande retningslinjer:**

Elevar med IOP kan ikkje fritakast for vurdering med karakter dersom dei skal kunna få standpunktkarakter. Grunnlaget for karaktervurdering skal vera dei samla kompetansemåla i læreplanen. Heller ikkje for elevar med IOP er det høve til å setja standpunktkarakter bare på grunnlag av nokre av kompetansemåla. Elevar med IOP der læreplanen avvik frå læreplanen fastsett i Læreplanverket, skal *ikkje* vurderast med karakter, men dei skal ha skriftleg vurdering *utan* karakter.

Elevar som ikkje har vurdering med karakter i eitt eller fleire fag, får ikkje vitnemål, men kompetansebevis.

## 10. Vurdering i orden og i åtferd

**Forskrift til opplæringslova**

**§ 3-2 Formålet med vurdering**

*... Formålet med vurdering i orden og i åtferd er å bidra i sosialiseringssprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og åtferd.*

**§ 3-5 Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd**

*Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen.*

*Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.*

*Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.*

*Vurderinga av orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin*

*kompetanse i fag.*

*I vurderinga i orden og i åtfærd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Fråvæer kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtfærd.*

*§ 3-15 Halvårsvurdering i orden og i åtfærd for elevar*

*Halvårsvurdering i orden og i åtfærd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårsvurdering utan karakter i orden og i åtfærd i heile opplæringsløpet.*

*I vidaregåande opplæring i skole skal det givast halvårsvurdering med karakter midt i opplæringsperioden på kvart årstrinn. Det skal givast halvårsvurdering med karakter ved slutten av opplæringsåret dersom eleven ikkje avsluttar opplæringa i skole dette opplæringsåret. Når eleven avsluttar opplæringa i skole skal det fastsetjast standpunktkarakter i orden og i åtfærd etter § 3-19.*

*Kontaktlæraren skal gi halvårsvurdering i orden og i åtfærd i samarbeid med dei andre lærarane til eleven.*

*§ 3-19 Standpunktkarakterar i orden og i åtfærd*

*I vidaregåande opplæring skal elevar ha standpunktkarakter når dei avsluttar opplæringa i skole, jf. læreplanverket.*

*Rektor har ansvaret for at standpunktkarakterar i orden og i åtfærd blir fastsette etter drøfting i møte der lærarane til eleven er til stades. Endelege karakterar i orden og i åtfærd skal fastsetjast etter at opplæringa er avslutta.*

### **Utfyllande retningslinjer:**

Skolen må sjølv definera kva for nokre forhold som gjeld orden, og kva for nokre som gjeld åtfærd.

Vurderinga i orden og i åtfærd skal knytast til ordensreglementet. Det er ikkje høve til å vurdere orden eller åtfærd på noko anna grunnlag enn ordensreglementet. Reglementet må derfor vera formulert slik at det er eigna som vurderingsgrunnlag.

Paragrafen presiserer at vurderinga av orden og åtfærd skal vera skilt frå vurderinga av fagkompetanse, sjå også § 3-3.

Elevane skal ha halvårsvurdering i orden og i åtfærd midt i skoleåret og ved slutten av skoleåret kvart år. Først det året dei avsluttar opplæringa, skal det setjast standpunktkarakter i orden og i åtfærd.

**Se også Fylkeskommunal forskrift til ordensreglement.**

## 11. Varsling

### Forskrift til opplæringslova

#### § 3-7 Varsling

*Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag fordi det ikkje er grunnlag for fastsetjing av karakter.*

*Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd.*

*Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter, eller gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd. Etter at eleven har fylt 18 år, skal foreldra ikkje varslast.*

#### Utfyllande retningslinjer:

Forskrifta presiserer at det blir kravt varsel både før halvårsvurdering og før standpunktvurdering. Dersom det er fare for manglande vurdering i fag eller nedsett karakter i orden eller åtferd både til halvårs- og standpunktvurderinga, skal det varslast begge gongene. Det er ikkje tilstrekkeleg å varsle bare det første halvåret.

## 12. Eksamen

Reglane for eksamen står i § 3-25 til § 3-37 i forskrifta.

### Forskrift til opplæringslova

#### § 3-25 Generelle føresegner

*Eksamen skal vere i samsvar med læreplanverket.*

*Læreplanen i det enkelte faget fastset om og eventuelt når i opplæringsløpet det skal vere eksamen i faget.*

*... Eksamen skal organiserast slik at eleven eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen.*

#### Utfyllande retningslinjer:

Ved slutten av skoleåret kan eleven bli trekt ut til eksamen i eitt eller fleire fag som blir avslutta med standpunktkarakter det året. Dersom eleven består eksamen, er faget bestått sjølv om han har 1 (ein) i standpunktkarakter. Dersom eleven får 1 (ein) til eksamen, har han ikkje bestått faget, sjølv om han har 2 (to) eller betre i standpunktkarakter.

Reglane er noko annleis for tverrfagleg eksamen. Dersom ein elev har 1 (ein) i standpunktkarakter i eitt eller fleire programfag som inngår i tverrfagleg eksamen, blir kurset ikkje rekna som bestått sjølv om han består tverrfagleg eksamen. Eleven beheld eksamenskarakteren, men må gå opp til særskild eksamen i programfaget/faga eleven har 1 (ein) i, for å få bestått.

Dersom ein elev ikkje får standpunktkarakter i eit avsluttande fag, blir ein eventuell eksamen eleven har vore oppe til, annullert, og han må ta privatisteksamen i faget. Ein elev som ikkje får standpunktkarakter i eitt eller fleire programfag som inngår i tverrfagleg eksamen, må ta privatisteksamen i faget og tverrfagleg eksamen.

### **Tilrettelegging av eksamen:**

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 3-32 Særskild tilrettelegging av eksamen*

*Elevar og privatistar med behov for særskild tilrettelegging skal kunne få lagt forholda til rette slik at dei kan få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i fag i læreplanverket. Tiltaka må vere tilpassa behova til eleven og privatisten så langt råd er.*

*Tiltaka må ikkje føre til at eleven eller privatisten får fordelar framfor andre som ikkje får tilrettelegging ved eksamen.*

*... Rektor avgjer etter søknad kva for ordningar som skal nyttast for elevar. Avgjerda til rektor er eit enkeltvedtak som kan påklagast til fylkesmannen. Rektor kan krevje uttale frå ein sakkunnig instans.*

#### **Utfyllande retningslinjer:**

Dersom det er dokumentert behov for spesiell tilrettelegging på eksamen, kan kontaktlærer/rådgivar hjelpa eleven med å søkja om dette. Dette gjeld t.d. ved lese- og skrivevanskar, kronisk sjukdom eller funksjonshemmingar. Tilrettelegginga kan for eksempel vera forlenga eksamenstid. Søknad skal sendast til rektor.

### **Ny, utsett og særskild eksamen:**

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 3-25 Generelle føresegner*

*Fylkeskommunen har plikt til å informere elevar og privatistar i vidaregåande opplæring om kva for reglar som gjeld for ny eksamen, utsett eksamen og særskild eksamen.*

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 3-33 Særskild eksamen for elevar i vidaregåande opplæring*

*Ein elev som får karakteren 1 i standpunktkarakter i eit fag, har rett til særskild eksamen i faget dersom han eller ho ikkje er trekt ut til eksamen i faget. Det gjeld òg for fag der det ikkje blir halde eksamen ordinært. Særskild eksamen blir normalt halden samtidig med ny og utsett eksamen.*

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 3-34 Ny eksamen for elevar i vidaregåande opplæring*

*Ein elev som får karakteren 1 ved ordinær eksamen, har rett til ny eksamen i faget ved første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld då standpunktkarakteren i faget. Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og standpunktvurderinga i faget fell bort.*

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 3-35 Utsett eksamen for elevar og privatistar i vidaregåande opplæring*

*Ein elev eller privatist som har dokumentert fråvær ved ordinær eksamen og særskild eksamen, eller ein elev som har dokumentert fråvær ved ny eksamen, har rett til å framstille seg til første etterfølgjande eksamen. Eleven beheld standpunktkarakteren i faget.*

*Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, må han eller ho ta faget som privatist, og eventuell standpunktvurdering i faget fell bort.*

*... Dersom ein elev har rett til utsett eksamen i trekkfag, skal trekkinga av fag gjerast på ny.*

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 3-26 Melding av elevar til eksamen*

*Elevar i vidaregåande opplæring må sjølv melde seg til ny eksamen, utsett eksamen og særskild eksamen. Meldinga skjer til skolen.*

Skolen informerer om oppmeldingsfristar, men **eleven må sjølv gi skriftleg melding til skolen innan fristen.**

## **13. Klage på vurdering.**

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 5-1 Kva det kan klagast på*

*Det kan klagast på standpunktkarakterar, eksamenskarakterar, karakterar til fag-*

*/sveineprøvar og kompetanseprøve, og realkompetansevurdering. Det kan også klagast på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter.*

### **Utfyllande retningslinjer:**

Kven som kan klaga står i § 5-2.

Eleven kan skriva klagen sjølv, eller dei føresette til eleven kan gjera det dersom eleven ikkje er myndig. Dersom han er myndig og vil at andre skal skriva klagen for seg, må han gi skriftleg fullmakt til det.

Klagefristar sjå § 5-5

Klagefristen på karakterar er 10 dagar etter at eleven har fått resultatet, eller etter at han burde ha gjort seg kjend med resultatet. **Eleven må halda seg orientert om skolen sine fristar for kunningjering av karakterane.**

Ein klage på karakter skal vera skriftleg. Eleven har rett til å be om grunngiving for karakteren. Dersom eleven ber om grunngiving innan fristen på 10 dagar, blir klagefristen avbroten. Når eleven får grunngivinga, har han ny frist på 10 dagar dersom han vil klaga.

Før eleven klagar, bør han kontakta faglærer og be om ei grunngiving for karakteren. Dette gjeld ikkje skriftleg eksamen. Eleven skal ha kopi av alle dokumenta som følger klagen.

### **Klage på standpunktkarakter/manglande standpunktkarakter:**

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 5-6 Formkrav*

*Klagen må fremjast skriftleg, og underskrivast av klagaren eller eventuelt ein med fullmakt.*

##### *§ 5-12 Klage på standpunktkarakter*

*Ved klage på standpunktkarakter eller vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter kan klageinstansen berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetting er følgde.*

### **Utfyllande retningslinjer:**

Klagen skal sendast til skolen. Det må presiserast kva klagen gjeld, og kva som er grunngivinga for klagen. Opplæringsavdelinga i Rogaland fylkeskommune har laga eit eige skjema til bruk for elevar ved klage på standpunktkarakterar.

Faglærer gjer greie for korleis karakteren er sett, eller kvifor karakter ikkje er gitt.

Rektor gir ei utgreiing om saksbehandlinga til skolen.

Når det gjeld orden og åtfærd, skal kontaktlæraren til eleven og rektor uttala seg.

Eleven skal ha kopi av utsegnene frå faglæraren og rektor. Dersom eleven meiner det er feil i desse utgreiingane som kan ha noko å seia for om klagen blir tatt til følge eller ikkje, må han straks skriva brev til klageinstansen og peika på eller dokumentera det han meiner er feil.

Klageinstansen skal vurdere om skolen har fulgt gjeldande retningslinjer for karakterfastsetjing eller ikkje (formelle feil). Klageinstansen kan ikkje avgjera om faglærer har vore "streng med karakteren".

Dersom eleven får medhald i klagen, skal rektor og faglærer diskutera standpunkt-karakteren på nytt. Rektor fastset endeleg karakter. Dersom eleven får medhald i ein klage på karakteren i orden eller i åtfærd, er det klageinstansen som fastset endeleg karakter.

Når rektor eller klageinstansen har fastsett endeleg karakter, er klagebehandlinga over, og resultatet er endeleg. Dersom eleven meiner avgjerda er feil, kan han bringa saka inn for ombodsmannen for forvaltninga eller gå til sivilt søksmål mot fylkeskommunen.

### **Klage på eksamen – skriftleg, munnleg og praktisk:**

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 5-9 Klage på karakter til skriftleg eksamen*

*... Når det gjeld klage på karakter til skriftleg eksamen, prøver nemnda alle sider ved karakterfastsetjinga. Finn nemnda at karakteren er urimeleg i forhold til eksamensprestasjonen, set ein ny karakter.*

#### **Utfyllande retningslinjer:**

Ved klage på skriftleg eksamen kan eleven ikkje be om grunngiving for karakteren, men han kan krevja å få sjå eventuelle retningslinjer som sensorane har brukt ved sensureringa. Eleven har rett til å få kopi av sitt eige oppgåvesvar slik at han kan gjera seg kjend med det. Oppgåvesvaret blir vurdert av ei klagenemnd som set endeleg karakter. Klagebehandling kan føra til at karakteren blir sett ned, blir ståande eller blir sett opp.

#### **Forskrift til opplæringslova**

##### *§ 5-10 Klage på karakter ved munnleg eksamen*

*Ved munnleg eksamen kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet.*

*... Dersom klagaren får medhald i klagen ved munnleg eksamen, skal karakteren annullerast, og klagaren har rett til å gå opp til ny eksamen.*

*... Gjeld klagen prøve i trekkfag, skal det trekkjast fag på ny.*

#### **Utfyllande retningslinjer:**

Ved munnleg eksamen kan ein ikkje klaga på karakteren, bare på formelle feil som kan ha hatt noko å seia for karakteren, for eksempel at eksamen ikkje blei gjennomført under forsvarlege forhold. Rektor, sensor og eksaminator gir uttale til klageinstansen.

Dersom eleven får medhald i klagen, kan han velja om han vil gå opp til eksamen på nytt. Gjeld klagen trekkfag, og eleven vil gå opp på nytt, skal fag trekkjast på nytt.

Ved ny eksamen skal det vera ny ekstern sensor. Ved klagar på eksamenskarakteren til tverrfagleg eksamen som skal behandlast som klage på munnleg eksamen, må eleven gå opp til ny eksamen dersom klagen blir tatt til følge.

#### **Forskrift til opplæringslova**

*§ 5-11 Klage på eksamensresultat ved andre, ikkje-skriftlege eksamenar i vidaregåande opplæring*

*Ved andre ikkje-skriftlege eksamenar enn munnleg eksamen, der det ikkje ligg føre dokumentasjon som kan vurderast av ei klagenemnd, kan det berre klagast på formelle feil som kan ha noko å seie for resultatet. I slike tilfelle skal ein følgje same prosedyren som for munnleg eksamen.*

*Dersom ein slik eksamen resulterer i dokumentasjon som kan vurderast fagleg av ei klagenemnd, skal ein følgje same prosedyren som for skriftleg eksamen.*

#### **Utfyllande retningslinjer:**

Klage på praktisk og praktisk-munnleg eksamen blir behandla som klage på munnleg eksamen.